



**VOSS KOMMUNE**  
Kommunalavdeling tekniske tenester

Hordaland fylkeskommune

7 OKT 2014

Bystøl AS  
Tomtebu

9893 VIK I SOGN

Vår ref  
13/1421-25

Etat/ avd.  
TE

Saksbeh  
GUN

Ark.  
GBNR 54/5

Dykkar ref.

Dato  
02.10.2014

**IGANGSETJING FOR GRUNN- OG BETONGARBEID FOR  
VERKSTAD-/GARDEROBEBYGG OG INNREIING AV DELER AV  
BYGD REIDSKAPSHUS PÅ GNR 54 BNR 5 VOSS JORDBRUKSSKULE**

Saksnr D FPL 476/14

Søknad om igangsetjingsløyve er motteken her 11.09.2014. Revidert søknad mottatt 02.10.2014

**Gjeld:**

**Igangsetjing for grunn- og  
betongarbeid på verkstad-  
/garderobebygg og innreiing av  
delar av bygd reidskaphus  
54/5**

**Gnr/Bnr:**

**Byggestad:**

**Tiltakshavar:**

**Voss jordbruksskule**

**Hordaland fylkeskommune**

	Fagområde og tiltaksklasse	Føretak	Org.nr
<b>ANSVSØKER:</b>	<i>Tilt.kl.1</i>	<i>Bystøl AS</i>	<i>928919161</i>
<b>ANSVPRO:</b>	<i>Arkitektur. Tilt.kl.1</i>	<i>Rambøll AS</i>	<i>915251293</i>
<b>ANSVPRO:</b>	<i>Arkitektur, div. detaljar. Tilt.kl.1</i>	<i>Bystøl AS</i>	<i>928919161</i>
<b>ANSVPRO:</b>	<i>Uteareal og landskapsutforming, overordna. Tilt.kl.1</i>	<i>Rambøll AS</i>	<i>915251293</i>
<b>ANSVPRO:</b>	<i>Uteareal og landskapsutforming, detaljert. Tilt.kl.1</i>	<i>Bystøl AS</i>	<i>928919161</i>
<b>ANSVPRO:</b>	<i>Oppmålingsteknisk prosjektering. Tilt.kl.1</i>	<i>Bystøl AS</i>	<i>928919161</i>
<b>ANSVPRO:</b>	<i>Brannkonsept. Tilt.kl.1</i>	<i>Bystøl AS</i>	<i>928919161</i>

ANSVPRO:	Geoteknikk. Tilt.kl.1	Bystøl AS	928919161
ANSVPRO:	Konstruksjonstryggleik. Plasstøypet betong og limtrekonstruksjonar. Tilt.kl.1	Bystøl AS	928919161
ANSVPRO:	Konstruksjonstryggleik. Betongelement. Tilt.kl.2	Voss Cement AS	917240485
ANSVPRO:	Bygningsfysikk. Tilt.kl.2	Bystøl AS	928919161
ANSVPRO:	Sanitær. Tilt.kl.1	Rambøll AS	915251293
ANSVPRO:	Ventilasjon. Tilt.kl.1	Rambøll AS	915251293
ANSVPRO:	Brannalarm og nødllys. Tilt.kl.2	Schneider Electric AS	916247389
ANSVUTF:	Innmåling og utstikking. Tilt.kl.1	O.L.Kythe AS	935252601
ANSVUTF:	Grunnarbeid og landskapsutforming. Tilt.kl.1	O.L.Kythe AS	935252601
ANSVUTF:	Plasstøype betongkonstruksjonar. Tilt.kl.1	O.L.Kythe AS	935252601

## 1. Søknaden gjeld

Det vart gitt rammeløyve for riving og nybygg den 30.12.2013, sak D FPL 822/13.

Det vert no søkt om igangsetjingsløyve for grunn- og betongarbeid for verkstad-/garderobebygg og innreiing av deler av bygd reidskapshus.

## 2. Vurdering av søknad:

Arbeidstilsynet må samtykkje i planane før det vert gjeve igangsetjing for resten av arbeidet.

**Plan- og bygningsmynde legg til grunn at ansvarleg søker vidareformidlar aktuelle krav til utførande føretak. Dette løyvet, med dei kart og teikningar det viser til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen. Eventuelle endringar må godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.**

**Vi minner om at det ikkje må utførast arbeid utover det som er omfatta av igangsetjingsløyvet.**

## Vedtak:

Ein viser til saksutgreiinga:

I medhald av § 20-1 plan- og bygningslova vert det gjeve igangsetjingsløyve for grunn- og betongarbeid verkstad/garderobebygg på gnr/bnr. 54/5 i samsvar med søknad med følgjande atterhald og merknader:


1. Plassering skal skje i høve til godkjent situasjonsplan. Det er tillate maksimalt avvik i plassering; horisontalt: 0.30m, vertikalt: 0.00m mot nabogrense der avstand skal vere minimum 4.00m, øvrig 0.50m.
2. Samtykke frå Arbeidstilsynet skal føreliggje før det vert gjeve igangsetjing for resten av arbeidet.
3. Bygget skal oppførast med radonsperre, og skal oppfylle energikrav i høve til byggteknisk forskrift kap 14.
4. Ansvarleg føretak skal søkja kommunen om løyve til tilkopling på offentleg vatn- og avløpsnett på fastsett skjema. Bruksløyve/ferdigattest vert ikkje gjeve før ferdigmelding med skisse er godkjend av driftsavdelinga.
5. Det skal installerast vassmålar. Ansvarleg føretak skal søkja kommunen om installasjon av vassmålar på fastsett skjema. Bruksløyve/ferdigattest vert ikkje gjeve før melding om montert vassmålar er godkjend av driftsavdelinga.
6. Avfall skal handterast forsvarleg. Dokumentasjon på avfallshandtering og at restavfall er levert godkjent mottak skal leggest fram på førespurnad.
7. Når byggearbeidet er ferdig og naudsynt sluttdokumentasjon føreligg skal det søkjast om ferdigattest, jf. § 21-10 i plan- og bygningslova.
8. Det skal betalast byggesaksgebyr på kr. 1014,-. Gebyrkrav vert ettersendt.
9. Arbeidet skal utførast etter plan- og bygningslova med underliggjande regelverk.

Er ikkje arbeidet igangsett seinast 3 år etter at søknad er sendt kommunen fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeidet vert innstilt for lengre tid enn 2 år, jf. pbl § 21-9. Kommunen kan når som helst, og inntil 5 år etter at ferdigattest er gitt, gjennomføre tilsyn, jf. pbl § 25-2.

*Vedtaket kan påklagast, jf. plan og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova § 28. Eventuell klage må framsetjast skriftleg til kommunen innan 3 veker etter at melding om vedtak er motteken, jf. forvaltningslova § 29.*

*Vi gjer merksam på ein klage kan medføre at vedtaket blir oppheva. Vi rår dykk difor til å vente til klagefristen har gått ut før de tek til med arbeidet.*

Med helsing

  
Gunhild Ormbostad Rong  
Sakshandsamar

  
Stefan Karlstrøm  
fagleiar byggesak

Kopi til: Hordaland Fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN  
Møtebok for utvalet